



Mandat for Barnehage- og skuleregion Sogn

Bakgrunn

I Sogn og Fjordane har vi lenge hatt eit tett samarbeid innan utdannings- og oppvekstområdet. Dei 26 kommunane i fylket samarbeidar innan fire regionar på barnehage- og skuleområdet. Barnehage- og skuleregion Sogn er eit samarbeidsforum mynta både internt i kommunane i Sogn regionråd og på fylkesnivå.

Oppgåver og ansvar

- Forumet skal vere ein lærings- og utviklingsarena.
- Deltakarane har eit særskilt ansvar for å informere om/drøfte og avklara saker som vert tekne opp i eigen kommune. Deltakarane har ansvar for å bringa/ta opp eigne kommunale saker.
- Barnehage- og skuleregion Sogn er eit samarbeidsforum, ikkje eit forvaltningsnivå. Kommunane har ikkje delegert vedtaksmynde til dette forumet.
- Oppgåver er til dømes:
 - o Utveksle erfaringar og informasjon.
 - o Koordinere aktivitetar, prosessar og tiltak.
 - o Samarbeide og ta initiativ til utviklingsoppgåver og utviklingsprosjekt.
 - o Samarbeide om og samkøyre kompetanseplanar og kompetanseutvikling.
 - o Samarbeide i gjennomføring av lovpålagde oppgåver på barnehage og skuleområdet.
 - o Forankre, drøfte, koordinera og samkøyre prosessar og tiltak i regi av utviklingsprogrammet «System for styrka læring»

Deltaking

- Kvar av medlemskommunane i Sogn regionråd deltek med barnehage- og skulefagleg ansvarleg.
- Kvar kommune vel ein vararepresentant.
- Utviklingsretteleiar for ungdomsskulane og programleiar i det regionale barnehage- og skuleutviklingsprogrammet "System for styrka læring" deltek på møta.

Leiing og organisering

- Barnehage- og skuleregion Sogn har fire til seks møte i året.
- Leiar lagar møteplan og kallar inn til møte. Programleiar i "System for styrka læring" er skrivar i møta for Barnehage- og skuleregion Sogn.
- Leiing av barnehage- og skuleregion Sogn går på omgang mellom kommunane. Leiar fungerer for to år om gongen, og vi følgjer barnehage- og skuleåret. Vara overtek etter leiar.
- Leiar av Barnehage- og skuleregion Sogn representerer region Sogn i fylkessamarbeid som Forum for Barnehage- og skuleutvikling, Skule- og barnehageutvalet (KS) og eventuelt andre fylkesdekkande prosjekt og tiltak.
- Sogn regionråd overfører årleg eit tilskot til den kommunen som har leiarfunksjonen.

Godkjent i rådmannsgruppa i Sogn regionråd 21.11.2014